

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2019

**Arve Helle (A)** sette på vegner av AP, SP, SV, V, KrF og MDG slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 6:

Fylkesutvalet viser vidare til høyringsfråsegn frå Vestlandsrådet og stiller seg bak den.»

### Avrøyting

Prosjektleiar sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Helle sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget går mot at ordninga med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter vert avvikla slik det er teke til orde for i Sanderud-utvalet si innstilling

Fylkesutvalet viser til at ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter har vore eit berande prinsipp sidan 1909 og det er ordningar det har vore særslig brei semje om som i dag representerer ei kulturell og historisk tradisjon som det ikkje er høveleg å endre på. Desse konsesjonsgjevne rettane gjev distrikta kompensasjon for dei ulemper som utbyggingane fører med seg.

2. Fylkestinget ser det som viktig at kraftanlegg bygd ut på 1950- og 1960 talet og som har behov for modernisering og oppgradering vert gjeve vilkår slik at dei aktuelle prosjekta vert realisert og at Noreg framleis får ei energiforsyning med høg tryggleik i høve til levering av elektrisk energi. Når vasskrafta i framtida skal samordnast med energi produsert frå vind- og solcelleanlegg vert behovet for tryggleik i høve til levering til rett tid frå vasskraftanlegg større enn den har vore tidlegare.
3. Fylkestinget vil rá til at grunnrenteskatt vert innretta slik at den berre slår inn for prosjekta som har avkastning ut over det som er normal avkastning for kapitalinvesteringar. Ordninga vil da i større grad vere basert på at skatt vert likna etter evneprinsippet.
4. Fylkestinget vil rá til at det vert gjennomført felles prisfastsetting for all konsesjonskraft. Dette vil gje ei administrativ forenkling for kommunar, fylkeskommunar og kraftselskap og soleis vere i tråd med dei premiss som vart lagt på området i samband med Stortinget sin handsaming av Energilova i 1990.
5. Fylkestinget rår til at naturressursskatten vert indeksregulert og teke ut av ordninga med inntektsutjamning slik at desse to effektane over tid ikkje endrar fordelinga mellom staten og utbyggingsdistrikta
6. Fylkesutvalet viser vidare til høyringsfråsegn frå Vestlandsrådet og stiller seg bak den.